



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1557 - 17/18033

Sakshandsamar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
01.09.2017

## 1/14 og 1/3 - Loftås - søknad om løyve til tiltak - oppføring av støyskjerm - vedtak

**Administrativt vedtak. Saknr: 240/17**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-2 og 20-3.

Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS, Postboks 103, 5291 Valestrandsfossen.

Tiltakshavar: Eiendomvest AS, Postboks 15, 5291 Valestrandsfossen.

Heimelshavar: Tordis Reigstad v/advokat Kaj Wigum, Postboks 1273 Sentrum, 5811 Bergen.

Søknad motteke: 16.06.2017 med tillegg motteke 27.06.2017.

### RÅDMANNEN SITT VEDTAK

"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av støyskjerm på gnr. 1, bnr. 14 og 3 på fylgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan og teikningar motteke 16.06.2017 plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1, jf. forskrift om byggesak § 9-3.
3. Tiltaket er tilstrekkeleg dekket med ansvar, jf. plan og bygningslova § 21-4, 2. ledd."

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av støyskjerm på gnr. 1, bnr. 14 og 3.

Det vert elles synt til søknad motteke 16.06.2017 med tillegg motteke 27.06.2017.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var ikkje komplett når den var motteke. Trong for tilleggskommunikasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved telefonsamtale, der fylgjande dokumentasjon vart etterspurd:

- Naboerklæring frå seksjon 1-6 for gnr. 1, bnr. 39.

Dokumentasjon vart motteke ved e-post frå ansvarleg søkjar 27.06.2017.

Søknaden var klar for handsaming den 27.06.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen er definert som LNF-område.

### **Dispensasjon**

Plan- og kommunalteknisk utval har i møte 23.08.2017 saksnr. 097/17 gjeve dispensasjon til tiltaket.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Tiltaket er søkt plassert på gnr. 1, bnr. 14 og 3.

Eigarane av gnr. 1, bnr. 39 har i erklæring gjeve samtykke til at støyskjerm kan oppførast langs tomtegrensa på gnr. 1, bnr. 14.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. plan- og bygningslova § 29-2.

### **Tekniske krav til tiltak**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. plan- og bygningslova § 29-5.

### **VURDERING**

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1/2/3 jf. forskrift om byggesak § 9-3.

Ved tiltak etter plan og bygningslova § 20-3 pliktar tiltakshavar å vidareføra sitt ansvar til ansvarlege føretak, jf. plan og bygningslova § 23-1, 3. ledd, første punktum.

Kommunen har motteke signert erklæring for ansvarsrett frå følgjande føretak, jf. plan og bygningslova § 23-3, 2. ledd:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjend føretak	Organisasjonsnr.	S/N
SØK	1	Ansvarleg søkjar	Arkoconsult AS	918 269 665	S
PRO	1	Heile tiltaket - støyskjerm	Arkobygg AS	918 269 533	S
UTF	1	Heile tiltaket - støyskjerm	Arkobygg AS	918 269 533	S

SØK = ansvarleg søkjar, PRO = prosjektering av, UTF = utføring av  
 Tk = Tiltaksklasse, S = Sentral godkjenning, N = Ikkje sentralgodkjenning

Kommunen vurderer at tiltaket er tilstrekkeleg dekkja med ansvar, jf. plan og bygningslova § 21-4, 2. ledd.

### Konklusjon

Rådmannen vurderer at søknaden er fullstendig, og sidan det ikkje er søkt om unntak vert det lagt til grunn at tiltaket skal oppfylle alle tekniske vilkår, jf. plan- og bygningslova § 21-4. 1. ledd.

Kommunen gjev løyve til oppføring av støyskjerm på gnr. 1, bnr. 14 og 3.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Til orientering

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1557.

### Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### Bortfall av løyve

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Sum kr.
10.2.6	Oppføring av levegg	10.100,-
	<b>Totalt gebyr å betala</b>	<b>10.100,-</b>

Art	Ansvar	Teneste	Kostnadsstad	Prosjekt	Mva/Mva.k	Debet	Kredit
16200	69000	3021					10.100,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Laura Ve  
Seksjonsleiar Plan og Teknisk forvaltning

Marit Nedreli  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

**Kopi til:**

Eiendomvest AS

Tordis Reigstad v/advokat Kaj Wigum

Postboks 15

Postboks 1273 sentrum

5291

5811

VALESTRANDSFOSSEN

BERGEN

**Mottakar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN